



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

24.11.2021

Vår ref:

2021/16612

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Torkel Hofseth, 5764 3083

Handsaming og høyring av vefsaker i jord- og skogbruk.

Det er kommunane som godkjenner bygging av landbruksvegar, FOR-2015-05-28-550, altså vegar til både jordbruk og skogbruk. Statsforvaltaren er fagstyremakt innan landbruk og miljø og har som oppgåve å rettleie kommunane i saker etter skogbrukslova og landbruksvegforskrifta, samt vere klageinstans for kommunen sine vedtak etter denne forskrifta.

I føremålsparagrafen til landbruksvegforskrifta står det at

«planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilsakspolysingar. Det skal samstundes leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som vert rørt av vegframføringa».

For å få ei forsvarleg handsaming av landbruksvegsaker må kommunane sjølve ha, eller skaffe seg, tilstrekkeleg fagkompetanse på landbruksvegbygging og skogbruk. Kommunane må også ha kompetanse på miljø og naturmangfold, og denne type saker skal som kjent også vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 - 12.

Vi vil også poengtene at kommunane sit på eit viktig ansvar for næringsutvikling i landbruket, ikkje minst i skogbruket. Eigedomane er små og skogtradisjonen og -kunnskapen låg. Vurdering av behov, til dømes hovudplan for skogsvegar, initiativ til skogeigarsamarbeid og hjelp til planlegginga har tradisjonelt vore utført av kommunane sjølve.

Vurderinga av økonomi, samarbeidspolysingar og planlegging av sjølve vegtraséen kan vere krevjande. Mykje av den overordna skogsvegplanlegginga vert difor i hovudsak utført av profesjonelle skogsvegplanleggarar finansierte gjennom tilskotsmidlane kommunane har til skogsvegar.

Naturmangfold og miljøverdiar er også viktig ved planlegging og bygging landbruksvegar, og det aukande kunnskapsgrunnlaget om naturførekommstar og kartlösingar skjerpar krava til sakshandsaminga.

Statsforvaltaren gjev gjerne råd og rettleiing innan landbruksvegfaglege så vel som tilhøyrande miljøfaglege problemstillingar. Vi ønskjer å styrka rettleiinga vår i landbruksvegsaker, om regelverket og det kunnskapsgrunnlaget som bør vere med i handsaminga av desse sakene.



På denne bakgrunn minner vi difor om at vi etter §3-1 skal ha høve til å uttale oss ved alle søknadar om bilvegar. Vi vil gjerne også få tilsendt andre vegsaker enn bilvegar på slik høyring.

Vi har opprettet ei temaside med regelverk og generelle føringar som vi skal oppdatere og forbetra fortløpende. <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skogbruk/landbruksvegar/> Ta gjerne kontakt viss det er tema eller problemstillingar de ynskjer å ha inn på denne nettsida.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Eid fjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensens veg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY



Side: 4/4